

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 21.04.2015  
**SAKSHANDSAMAR:** Sølvi Lerfald  
**SAKA GJELD:** **Forskning og innovasjon til pasientens beste**

**ARKIVSAK:** 2015/1742  
**STYRESAK:** **054/15**

**STYREMØTE:** **06.05. 2015**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar rapporten ” Forskning og innovasjon til pasientens beste” til orientering.

## Oppsummering

*Forskning og innovasjon til pasientens beste* er RHF-a sin felles rapport med eksempel på korleis forskning og innovasjon bidreg til betre klinisk praksis. Rapporten inneheld også eit kapittel med nasjonale nøkkeltal for helseforskning. Rapporten er utarbeidd av ei nasjonal arbeidsgruppe under leiing av Helse Sør-Øst, og vart forankra i RHF-a sitt AD-møte før overlevering til Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) 15. mars 2015.

## Fakta

I Oppdragsdokumentet for 2014 til dei fire RHF-a er følgjande angitt som eit av hovudmåla for forskning og innovasjon:

*«Felles årlig resultatrapport synleggjør eksemplar på hvordan resultater fra forskning og innovasjon har bidratt til forbedret klinisk praksis/tjenesteutøvelse, i tillegg til øvrig resultatrapportering basert på nasjonalt tilgjengelig statistikk om forskning og innovasjonsaktivitet (jf. vedlegg 3 i oppdragsdokumentet for 2013).»*

Oppdraget vart gitt første gong i oppdragsdokumentet for 2013. Rapporten frå 2013 vart godt motteke i HOD og oppdraget skal nå vidareførast årleg. HOD har uttalt at det er ønskeleg at framtidige rapportar vert framstilt på same måte (innhald og omfang) som rapporten for 2013. Rapporten er i fyrste rekkje retta mot politikarar og andre som tek avgjerder, og ålmenta.

Rapporten vert med dette framlagt for styret i Helse Vest RHF.

## Kommentarar

### Prosess 2014

Arbeidsgruppa som har utarbeidd rapporten, vart etablert i august/september 2014, med to representantar frå kvar region. Helse Sør-Øst RHF har leia arbeidet, og det er gjennomført 2 møter. Brukarrepresentanten var forhindra frå å stille på møta og har difor delteke i arbeidet via e-post. Kvar region samla inn forslag til forskings- og innovasjonsprosjekt frå eigen region, og vart i møte samde om kva for prosjekt som skulle inngå i rapporten med utgangspunkt i fagleg og geografisk breidde, og fordeling på forskning i store og mindre sjukehus. Arbeidet med presentasjon av prosjekta har involvert kommunikasjonsavdelingane i dei aktuelle helseføretaka. Helse Sør-Øst RHF har utført det redaksjonelle arbeidet og samarbeid med trykkeriet.

Kapittelet om nasjonale nøkkeltall er utarbeidd av eForum som består av representantar frå alle RHF-a. Forumet samarbeider om eit felles søknads- og rapporteringssystem for

forskningsprosjekt, og er leia av Helse Vest. I tillegg til data frå dei felles systema, er det henta data frå NIFU (Nordisk institutt for studiar av innovasjon, forskning og utdanning) og CRISTin (Current Research Information System in Norway).

### Frå rapporten 2014

Rapporten gir mange gode eksempel på prosjekt innan forskning og innovasjon, med fokus på kva forskning og innovasjon bidreg til av kunnskapsutvikling og nytte for pasientbehandlninga.

Årets rapport omfattar 14 eksempel på forskings- og innovasjonsprosjekt, og 3 av prosjekta kjem frå Helse Vest:

- «Bli kvitt angsten – på 4 dager», (side 6), som beskriv eit nytt konsept for behandling av angstlidingar
- «Å komme hjertesykdom i forkjøpet», (side 16), eit prosjekt som vil sjå på kva som skjer i kroppen til friske personar som deltek i idrettskonkurransar.
- «Sjekkliste som redder liv», (side 20), som viser at bruk av sjekklister ved kirurgisk behandling gir færre komplikasjonar.


Kapittelet om nasjonale nøkkeltal er utarbeidd av eForum, (s. 31-35). Ettersom fristen for rapporten var sett til 15. mars, er nøkkeltala frå 2013. Tala for 2014 er først klare seinare på våren. Kapittelet vert innleia med ein kort gjennomgang av målesystema og ein presentasjon av nøkkeltala som vert lagt fram i tabellane og figurane.

Dei nasjonale nøkkeltala inneheld mellom anna informasjon om kva for fagområde som har fått tildeling frå dei i alt 870 millionane som vart fordelt av RHF-a i 2013, informasjon om helseforskarar som publiserte ein eller fleire vitenskaplege artiklar i 2013 med adresse til eit helseføretak, og avlagte doktorgrader og publiserte vitenskaplege artiklar.

Tala for publiserande helseforskarar har ikkje vore vist på denne måten før. Dei er henta frå CRISTin og gir mellom anna informasjon om integrering mellom sektorar, og fordeling på kjønn og alder. Oversikta over alder viser mellom anna at eldste helseforskar i Noreg i 2013 var 88 år, medan den yngste var 22 år.

Figuren under (side 33) seier fleire ting om publisering og integrering mellom sektorar:


- I 2013 var det 4562 forskarar i Noreg som publiserte ein eller fleire artiklar med kreditering til eit helseføretak
- Halvparten av forskarane (2251) krediterte også ein institusjon i universitets- og høgskulesektoren – ein indikasjon på samarbeid mellom sektorane
- Det er lite samarbeid med instituttsektoren om forskning og forskningspublisering



Som nemnd over, fordelte RHF-a 870 millionar kroner til forskingsprosjekt i 2013. Side 32 i rapporten viser fordelinga av millionane på helsekategoriar (fagområde) der kreft er det området som får klart flest midlar, mest 24 % av dei tildelte midlane (kjelde: eRapport).

Figuren under er ikkje presentert i rapporten, men kjem frå same kjelde. Den viser kva for 3 helsekategoriar som får flest midlar i kvar av dei fire regionane.

## Helsekategori, andel av midler – alle RHF 2013



### Konklusjon

Det blir tilrådd at rapporten blir tatt til orientering.

Vedlegg:

Nasjonalt rapport frå spesialisthelsetenesta 2014